



**Møre og Romsdal fylke**  
FYLKESORDFØRAREN

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
30 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200802290/MT	29.06.2009	FE: 2009/743/ANSM/421.0	Anders Smith-Øvland, 71 25 84 29	04.09.2009

**Oversendingsbrev**  
**Nye planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona**  
**Fylkesutvalets fråsegn til høyringsprosessen**

Fylkesutvalet vedtok i sak U-91/09 – 31.08.2009 følgjande fråsegn til høyringsprosessen.  
Sjå vedlegg.

Med helsing

  
Olav Bratland  
fylkesordfører

Vedlegg:  
Fylkesutvalssak U-91/09 -31.08.2009  
Strandsonestatistikk for Møre og Romsdal fylke, datert 20.08.09



Møre og Romsdal fylke



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.08.2009	MR 29441/2009	Johnny Loen/Anders Smith-Øvland

Saksnr	Utval
<b>U-91/09</b>	Fylkesutvalet

Møtedato
31.08.2009

## **Forslag til statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen - fråsegn til høyring.**

### **Om saka**

I ny plan- og bygningslov er reglane om bygging i strandsona innskjerpa. Det vart samstundes vedteke at staten skulle utarbeide retningslinjer for ein differensiert strandsonopolitikk. Det er desse retningslinjene Miljøverndepartementet (MD) no har sendt på høyring.

Det overordna prinsippet er framleis at strandlina av omsyn til ålmenta sine sterke interesser er nasjonalt viktig å ivareta som urørt. Retningslinjene tek likevel utgangspunkt i at strandlina i ulik grad er utsett for press.

For Oslofjorden vert det lagt til grunn at Rikspolitiske retningslinjer (RPR) gitt 09.07.1993 fortsett skal gjelde. Ein foreslår vidare at prinsippa i RPR skal nyttast tilsvarende for andre delar av kysten der presset er stort. I Møre og Romsdal er dette foreslått definert som 100-metersbeltet langs sjøen i kommunane Ålesund, Molde og Kristiansund. For øvrig strandline i Møre og Romsdal er det foreslått andre og mindre strenge retningslinjer.

MD ber særskilt om synspunkt på den geografiske avgrensinga og om det er andre areal enn dei bynære som bør femnast av strengare retningslinjer. Dei ser også føre seg at retningslinjene bør reviderast i takt med at kunnskapsgrunnlaget aukar.

### **Retningslinjene generelt**

For kystsona i heile landet (§ 4.1) gjeld følgjande: Strandsona skal vurderast heilskapeleg i kommuneplan og eventuelt regional plan. I kommuneplanarbeidet har retningslinjene dels tilbakeverkande kraft. Det betyr at arealbruk i gjeldande kommune- og reguleringsplanar som er i strid med retningslinjene, skal vurderast på nytt.

Gjennom kommuneplanen kan kommunane bestemme at byggeforbodet i strandsona ikkje skal gjelde, innafor eit avgrensa område. Dette vil omfatte sjøretta næringsverksemd, landbruk som ligg i strandsona og anlegg for ferdsel på sjøen.

Elles skal bygging og landskapsinngrep ikkje tillatast på areal som er viktig for friluftsliv, naturvern, biologisk mangfald, kulturminne, kulturlandskap osv. Dersom ein planlegg utbygging innafor 100-metersbeltet gir retningslinene føringar for utforminga, og at tiltak bør trekkast lengst mogleg vekk frå sjøen.

### **Differensiering mellom områder med ulikt press:**

#### 1. For kystkommunane i Oslofjordregionen (§ 4.2), gjeld følgjande:

For Oslofjordregionen gjeld dei rikspolitiske retningslinene (RPR) av 09.07.1993. I tillegg til nasjonale mål om å forvalte strandsona, har desse retningslinene særskilte delmål om naturgrunnlag, kulturminne og kulturmiljø, rekreasjon og arealbruksmønster. Det geografiske verkeområdet gjeld i tillegg til strandsona på land også sjøarealet ut til grunnlina. Hovudføremålet er å bevare verdiane i strandsona, og gjere strandsona tilgjengeleg for folk flest. Utbygging skal konsentrerast til eksisterande tettstader, og kystsona vernast. Det er i tillegg gitt særskilte føringar for disponering av areal og naturressursar og for offentleg ansvar og oppfølging.

#### 2. For andre område med stort press (§ 4.3), i Møre og Romsdal for kommunane Ålesund, Molde og Kristiansund, gjeld følgjande:

I desse områda skal prinsippa i RPR for Oslofjordregionen nyttast "tilsvarande". Kva "tilsvarande" betyr er nærare skildra i siste halvdel av retningslinene, § 4.3.

Den vesentlege skilnaden mellom Oslofjordregionen og dei andre pressområda, er at retningslinene for Oslofjordregionen også omfattar areal i sjø.

#### 3. For område med mindre press, dei resterande kommunane i Møre og Romsdal (§ 5), gjeld følgjande:

Utbygging i desse kommunane skal berre tillatast etter ei konkret lokal vurdering i kommuneplan. Vurderinga skal vere heilskapeleg og langsiktig. I dette arbeidet kan lokal differensiering av strenge og mindre strenge område fastsettast.

Den vesentlege skilnaden mellom pressområda i Oslofjordregionen, kommunar som Ålesund, Molde og Kristiansund, og område med mindre press, er at sistnemnde i større grad vil kunne inkludere strandsona i utviklinga av strategiar for samfunns- og arealutvikling (innanfor ei ramme, nærare beskrive i siste halvdel av § 5).

### **VÅR VURDERING**

Vi er samde i at dei større byane og områda rundt desse bør ha særskilt aktsemd i forvaltning av strandareala. Vi meiner likevel at å definere pressområda som "beliggenhet i forhold til større by" ikkje er tilstrekkeleg. Dette vil ikkje fange opp eventuelt press utanfor bykommunane, heller ikkje eventuelle endringar over tid. Avgrensing av område med stort press synest også å kunne vere noko upresis i forhold til bykommunar med store areal utanfor tettbygde strøk.

### **Press på strandsona også utanfor bykommunane i Møre og Romsdal**

Grunnlaget Møre og Romsdal fylke har for å vurdere geografisk avgrensing av press i strandsona er statistiske data henta frå statistisk sentralbyrå (SSB), samt einskapsfylket

sin statistikk over saker sendt på høyring frå kommunane (sjå vedlegg). Desse tala gir følgjande bilete av presset i strandsona:

#### Tilgjengeleg strandsoneareal:

Dersom hellingsgrad vert nytta for å skildre tilgjengelegheit, viser til dømes oversyn frå SSB 2008 strandsoneareal som ikkje er brattare enn 10 grader. Etter denne statistikken har 21 av 36 distriktskommunar i Møre og Romsdal fylke mindre tilgjengeleg strandsoneareal enn bykommunane Ålesund, Molde og Kristiansund. Enkelte av distriktskommunane har også mindre tilgjengeleg strandsoneareal per innbyggjar enn bykommunane: ”Volda, Ørsta, Ørskog, Stordal, Sykkylven, Rauma, Nettet, Midsund og Surnadal”.

#### Bygningspåverka strandline:

Oversynet over bygningspåverka kystline, målt som prosent kystline innan 100-meter frå bygningar (SSB, 2008), visar at 11 av 36 distriktskommunar i fylket prosentvis har like mykje eller meir nedbygd strandsone enn enkelte av bykommunane. Nokon av desse kommunane er dei same som har lite tilgjengeleg strandsone pr innbyggjar, ”Surnadal, Nettet, Rauma, Sykkylven, Ørskog og Volda”.

#### Dispensasjonssøknader sendt på høyring:

Oversyn over dispensasjonssøknader sendt på høyring til Møre og Romsdal fylke i perioden 2005-2008, viser at enkelte av distriktskommunane har vesentleg fleire dispensasjonssaker enn bykommunane. Vi kan særskilt nemne ”Averøy, Smøla og Aure”. Det føreligg pr. i dag ikkje nokon kvalitativ analyse som kan gi oversyn for kor mykje attraktivt strandsoneareal som er att i desse kommunane, og det kan vere fare for at dei mest attraktive strandsoneareala i er i ferd med å bli nedbygd gjennom dispensasjonar.

#### Kommunal behandling av dispensasjonssaker:

Oversyn over kommunale vedtak om dispensasjon i perioden 2005-2008 (SSB, 2008), viser at enkelte distriktskommunar gir like mange eller fleire dispensasjonar enn enkelte av bykommunane: ”Herøy, Ørsta, Vestnes, Fræna, Averøy og Tingvoll”. Mange dispensasjonar kan tyde på ein uheldig forvaltningspraksis over tid.

#### Statistisk avvik:

Avvik mellom tal frå SSB (kommunale dispensasjonssaker) og tal på dispensasjonssaker sendt på høyring til Møre og Romsdal fylke, kan tyde på at enkelte kommunar ikkje fører, eller har ei mangelfull føring av årleg statistikk (Kostra, SSB). Oversynet frå Møre og Romsdal fylke sitt arkiv kan og vere mangelfullt i forhold til å ta med alle sakane som omfattar strandsona, ettersom praksis for føring av saker har endra seg over tid. Talet på dispensasjonssaker er i begge tilfella truleg høgare enn statistikken syner.

#### Endring av arealbruk gjennom plan:

Mykje av arealbruken i strandsona vert endra gjennom plan. Slike endringar er ikkje tekne med. Det reelle presset på strandsona vil derfor vere relativt mykje større enn det som kjem fram her.

### **Geografiske pressområde kan endrast over tid**

Kva område som har stort press på strandsona kan endrast over tid, blant anna ved større endringar i infrastruktur, som overgang frå ferje til bru og tunnelsamband osv. Vi kan til dømes nemne Atlanterhavstunnelen mellom kommunane Averøy og Kristiansund, og endring i press på strandareala i Averøy kommune. Andre mindre endringar, endringar som gir indirekte verknader, eller effekten av kjennskap til endring av arealbruk, vil kunne gi rask lokal endring i presset på strandsona.

### **Behov for regional strandsonemelding**

Endringar i regelverket set stadig større krav til kommunal arealplanlegging, ikkje minst til oppdaterte kommuneplanar. T.d. er det no generelt eit strengare krav til utgreiing for reguleringsplanar som avvik vesentleg frå kommuneplanen.

I Møre og Romsdal inneber utkastet til retningsliner at 33 kommunar bør vurdere å utarbeide ei lokal differensiering. Ut i frå erfaring veit vi samstundes at mange av desse kommunane er dårleg rusta for ei slik oppgåve. Det bør derfor vurderast om ikkje fylket bør utarbeide ein breiare dokumentasjon av strandsonestatusen i fylket, t.d. gjennom ei arealmelding, basert på ein nasjonal mal. Eit slikt dokument vil kunne vere nyttig, både som grunnlag for kommunane si planlegging, og den regionalpolitiske forvaltninga av strandsona. Miljøverndepartementet bør legge til rette for ein sameint praksis for regionale arealmeldingar.

### **Forslag til vedtak**

1. Forslag til retningsliner er eit tenleg utgangspunkt for å klargjere statens politikk når det gjeld forvaltning av strandsona. Den kommunevise differensieringa slik den no er tilrådd bør likevel vurderast nærare.
2. Ei kommunevis gruppering og avgrensing av pressområda slik det er foreslått vil for Møre og Romsdal sin del bli heller unyansert, og vil ikkje fange opp press som måtte vere utanfor byane Ålesund, Molde og Kristiansund. Hovudfokuset bør vere grundige arealplanmessige vurderingar og differensiering innafor den einskilde kommune gjennom kommuneplanarbeidet, basert på nasjonale retningsliner og eit breiare sett av kriteria enn det som har kome fram av forslaget så langt.
3. Dersom det blir halde fast ved ei kommunevis differensiering bør det for Møre og Romsdal vurderast visse tilpassingar, jf. statistiske oversyn som ligg ved saka. Med tanke på seinare endringar av retningslinene vil det vere eit alternativ at fylka utarbeider arealplanmeldingar som både klargjer og følgjer utviklinga i strandsona. Dette bør i nødvendig grad baserast på felles nasjonale metodeopplegg.

**Behandling i fylkesutvalet - 31.08.2009**

Oskar Grimstad (Frp) fremma følgjande forslag på vegner av seg sjølv og Asbjørn Rutgersen (SL/Tvp):

”Forslag til høringsuttalelse fra Møre og Romsdal fylke:

Møre og Romsdal fylke er enige i at det må en differensiert forvaltning av strandsona til i Norge, men stille seg ikke bak de kriteriene som nå ligger fra miljøverndepartementet.

Møre og Romsdal fylke presiserer at det i de aller fleste faktiske tilfeller slett ikke dreier seg om ”strand”, men om kystlinjer i alle kystkommuner i hele vårt langstrakte land.

Møre og Romsdal fylke er ikke enige i at det må gjennomføres en sterkere geografisk differensiering, der vernet gjøres generelt og lite gjennomtenkt strengere i sentrale områder, og tilsvarende lite gjennomtenkt og fritt i andre områder.

Møre og Romsdal fylke mener at kommunene selv må kunne prioritere hvilke områder man ser som sårbare og ikke skal bygges ut, og hvilke områder som egner seg for utvikling og ny vekst. Vilkårligheten i høringen der et sentralt organ detaljdefinerer hver enkelt kommune, er sentral detaljstyring og forskjellsbehandling av kommuner som er like, er uakseptabelt. I noen kommuner kan det ligge til rette for utbygging i noen dele, mens man i andre deler ikke skal tillate utbygging. Dette tar høringen overhodet ikke høyde for.

Møre og Romsdal fylke ser at bebyggelse i strandsona er og har vært en nøkkel i busetning og etablering av nye arbeidsplasser i heile landet gjennom vår historie. Mange av landets kjerneområder for bebyggelse og arbeidsplasser ville rett og slett vært utmark dersom dagens høringsnotat ville eksistert på et tidligere tidspunkt.

At praksisen i dispensasjonssaker skal være streng i områder der presset på areal er stort, kan vere negativt, da det rett og slett kan være ønskelig med klynger og felles nyskaping i næring, og bolig og infrastruktur. At man bygger ut næring og bolig i områder der dette er egnet vil føre til press i enkelte lokalsamfunn, men det er galt å kalle ethvert nytt press for negativt. Mange kommuner behøver faktisk mer aktivitet, ikkje mindre. Og da må de lokale folkevalgte selv kunne bestemme om man skal bygge ut eller ikkje basert på lokalt behov og planer”.

Svein Atle Roseth (Krf) fremma følgjande forslag:

”Pkt. 3 stansar etter .....saka i 3.linje.

Nytt pkt. 4.

Møre og Romsdal fylke utarbeider ein breiare dokumentasjon av strandsonestatusen gjennom ei arealmelding som legg grunnlag for

regionalpolitisk forvaltning av strandsona, og kjem til nytte for kommunane si planlegging.

Arealmeldinga bør både baserast på nasjonal mal samstundes som den tek omsyn til og legg til rette for Møre og Romsdal fylke og dermed kommunane si satsing på tilrettelegging for reiseliv og anna næringsverksemd i fjord- og strandsoneområda.”

Fylkesordførar Olav Bratland fremma følgjande tillegg:

”Det er likevel viktig at ein ikkje medverkar til ”overkommunar” og ”umyndiggjering” av dei enkelte kommunane.”

#### Votering:

Forslag fremma av Oskar Grimstad (Frp) falt med 9 mot 4 røyster.

Punkt 1: 1. linje i tilrådinga. Vedteke med 9 mot 4 røyster.

Punkt 1: 2. linje i tilrådinga. Falt med 10 mot 3 røyster.

Punkt 2 i tilrådinga, falt med 11 mot 2 røyster

Punkt 3: 1. linje i tilrådinga. Vedteke med 10 mot 3 røyster.

Punkt 3: 2. og 3. linje i tilrådinga. Falt med 10 mot 3 røyster.

Forslag til tillegg fremma av fylkesordføraren, vedteke med 9 mot 4 røyster.

Forslag til nytt pkt. 4 fremma av Svein Atle Roseth (Krf) falt med 12 mot 1 røyst.

#### **Vedtak i Fylkesutvalet - 31.08.2009**

1. Forslag til retningslinjer er eit tenleg utgangspunkt for å klargjere statens politikk når det gjeld forvaltning av strandsona.
2. Dersom det blir halde fast ved ei kommunevis differensiering bør det for Møre og Romsdal vurderast visse tilpassingar, jf. statistiske oversyn som ligg ved saka.

Det er likevel viktig at ein ikkje medverkar til ”overkommunar” og ”umyndiggjering” av dei enkelte kommunane.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesdirektør

Per Fredrik Brun  
avdelingsdirektør

Vedlegg:

Departementets oversendingsbrev med forslag til retningslinjer, datert 29.06.09  
Strandsonestatistikk for Møre og Romsdal fylke, datert 20.08.09



## STRANDSONESTATISTIKK FOR MØRE OG ROMSDAL FYLKE

20.08.09

Datagrunnlag sammenstilling av statistikk SSB og Møre og Romsdal fylkes arkiv - dispensasjonssaker

Kommune	Strandsoneareal (da)	Tilgjengelig (da)	Befolkning	Tilgjengelig pr innbygger (da)	Bygningspåvirket strandlinje (%)	Høringssaker 2005-2008	Kommunale vedtak 2005-2008	Kommunale avslag 2005-2008
1502 Molde	15579	2225	24554	0,09	40,5	36	28	2
1503 Kristiansund (t.o.m. 2007)	4985	1828	0	0,00	0	1	0	0
1504 Ålesund	13599	3620	42317	0,09	57,1	19	23	20
1505 Kristiansund	11348	3185	22937	0,14	44	1	6	6
1511 Vanylven	10008	693	3494	0,20	58,2	8	11	1
1514 Sande (M. og R.)	9543	2532	2541	1,00	35,3	3	6	2
1515 Herøy (M. og R.)	15554	4069	8349	0,49	35,1	45	23	3
1516 Ulstein	7446	1572	7052	0,22	32,4	19	2	1
1517 Hareid	3137	872	4817	0,18	48,6	4	0	0
1519 Volda	12929	501	8509	0,06	46	13	12	4
1520 Ørsta	13687	410	10200	0,04	37,8	12	55	8
1523 Ørskog	2242	77	2142	0,04	43,9	3	3	1
1524 Norddal	5977	179	1769	0,10	19,4	0	0	0
1525 Stranda	10611	620	4533	0,14	13	2	0	0
1526 Stordal	2599	26	1001	0,03	22	0	0	0
1528 Sykkylven	5782	330	7565	0,04	53,8	9	4	2
1529 Skodje	6893	2101	3901	0,54	39,9	19	18	1
1531 Sula	5348	1131	7778	0,15	50,4	18	0	0
1532 Giske	7449	3839	6873	0,56	26,8	3	0	0
1534 Haram	19783	5448	8694	0,63	32	8	13	2
1535 Vestnes	8842	765	6478	0,12	59,7	29	23	3
1539 Rauma	13498	253	7376	0,03	48,4	5	7	0
1543 Nesset	8658	147	3076	0,05	41,6	7	2	1
1545 Midsund	10302	3522	1922	1,83	32,6	20	1	0
1546 Sandøy	4582	2532	1307	1,94	17	6	2	0
1547 Aukra	7167	3148	3183	0,99	17,6	14	0	4
1548 Fræna	14823	3771	9257	0,41	27,7	44	32	14
1551 Eide	5383	1952	3316	0,59	33,3	7	11	1
1554 Averøy	21305	6066	5444	1,11	31,7	92	32	6
1556 Frei (t.o.m. 2007)	6363	1357	0	0,00	0	23	3	0
1557 Gjemnes	8629	1994	2618	0,76	47,1	38	10	0
1560 Tingvoll	16504	4555	3062	1,49	39,1	25	26	3
1563 Sunndal	8918	1319	7347	0,18	38,5	5	3	2
1566 Surnadal	11822	198	6000	0,03	47,5	23	7	3
1567 Rindal	0	0	2041	0,00	0	0	0	0
1569 Aure (t.o.m. 2005)	0	0	0	0,00	0	23	18	6
1571 Halså	11844	1709	1647	1,04	39,1	23	14	1
1572 Tustna (t.o.m. 2005)	0	0	0	0,00	0	13	0	0
1573 Smøla	33108	5818	2119	2,75	8,2	87	17	6
1576 Aure	39335	6781	3508	1,93	26	76	5	4
<b>SUM</b>	<b>415582</b>	<b>81145</b>	<b>248727</b>			<b>783</b>	<b>417</b>	<b>107</b>
<b>SNITT</b>	<b>10390</b>	<b>2029</b>	<b>6218</b>	<b>0,5</b>	<b>32,3</b>	<b>19,6</b>	<b>10,4</b>	<b>2,7</b>

## STRANDSONESTATISTIKK FOR MØRE OG ROMSDAL FYLKE

20.08.09

### Statistikken inneholder:

- \* Strandsonen på fastlandet og på øyer som har fastlandsforbindelse eller ferjeforbindelse.
- \* Befolkning, antall innbyggere i kommunene (SSB 2009).
- \* Tilgjengelig strandsoneareal, areal med mindre enn 10 graders helning (SSB 2008).
- \* Tilgjengelig strandsoneareal pr innbygger (sammensatt av tall frå SSB).
- \* Bygningspåvirket strandsone, andel kystlinje innen 100 m fra bygninger (SSB 2008).
- \* Fylkesstatistikk over strandsaker sendt på høring i perioden 2005-2008 (Enhetsfylket, arkiv 2009).
- \* Kommunale vedtak i strandsaker i perioden 2005-2008, dispensasjonssaker (SSB).
- \* Kommunale avslag i strandsaker i perioden 2005-2008, dispensasjonssaker (SSB).

### region:

Kristiansund (t.o.m. 2007):

Fra 1. januar 2008 er kommunene 1503 Kristiansund og 1556 Frei i Møre og Romsdal fylke slått sammen til ny kommune 1505 Kristiansund.

Kristiansund:

Fra 1. januar 2008 er kommunene 1503 Kristiansund og 1556 Frei i Møre og Romsdal fylke slått sammen til ny kommune 1505 Kristiansund.

Vanylven:

Ved grenseregulering 1. januar 2002 ble ca. 380 personer overført fra 1514 Sande kommune til 1511 Vanylven kommune.

Sande (M. og R.):

Ved grenseregulering 1. januar 2002 ble ca. 380 personer overført fra 1514 Sande kommune til 1511 Vanylven kommune.

Frei (t.o.m. 2007):

Fra 1. januar 2008 er kommunene 1503 Kristiansund og 1556 Frei i Møre og Romsdal fylke slått sammen til ny kommune 1505 Kristiansund.

Aure (t.o.m. 2005):

Fra 1. januar 2006 ble kommunene 1569 Aure og 1572 Tustna i Møre og Romsdal fylke slått sammen til ny kommune 1576 Aure.

Tustna (t.o.m. 2005):

Fra 1. januar 2006 ble kommunene 1569 Aure og 1572 Tustna i Møre og Romsdal fylke slått sammen til ny kommune 1576 Aure.

Aure:

Fra 1. januar 2006 ble kommunene 1569 Aure og 1572 Tustna i Møre og Romsdal fylke slått sammen til ny kommune 1576 Aure.